



BACHELOROPPGÅVE

**Korleis kan vi førebyggje mobbing blant dei eldste
barna i barnehagen?**

av

Kandidatnummer :113
Solveig Hopland Hollup

Barnehagelærar

BLU3-1006 1 BO

Januar 2017

Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 113 Solveig Hopland Holup

JA NEI

Innhald

1.0 Innleiing.....	4
2.0 Teori	4
2.1 Kva er mobbing?.....	4
2.2 Forebygging av mobbing	7
2.2.1 Anerkjennande haldning som forebyggande arbeid mot mobbing	7
2.2.2 Sosialkompetanse som forebygging mot mobbing.....	8
2.2.3 Vennskap som forebygging mot mobbing	9
2.2.4 Foreldresamarbeid som forebygging mot mobbing	10
3.0 Metode.....	10
3.1 Kvalitativ metode.....	11
3.2 Kvifor eg valde intervju.....	11
3.3 Intervju	12
3.4 Val av intervjupersonar	12
3.5 Pilotstudie.....	13
3.6 Validitet og Reliabilitet og feilkjelder	13
3.7 Etiske omsyn og personvern	13
3.8 Datainnsamling og bearbeiding av data	14
4.0 Empiri	14
4.1 Omgrepet mobbing	14
4.2 Mobbing i barnehagen	14
4.3 Styringsdokument	17
4.4 Foreldresamarbeid	17
5.0 Drøfting	18
5. 1 Omgrepet mobbing	18
5.2 Vennskap i forhold til mobbing	19
5.3 Anerkjenning	20
5.4 Foreldresamarbeid	22
6.0 avslutning.....	22
Referansar	23

1.0 Innleiing

I denne oppgåva vil eg skrive om mobbing i barnehagen. Eg har vald temaet fordi er ynskjer å sjå om dei tilsette er bevisst på at det er tilfeller av mobbing i barnehagen og om det vert arbeida aktivt for å førebyggje mobbing. Rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen (2011) understrekar dette ved å seie at «Barnehagen skal fremje positive handlingar som motverkar avvising, mobbing og vald» (23). Mobbing har alltid vert eit aktuelt tema, men det er først i dei seinare åra at det i forking og litteratur er fokusert på mobbing heilt ned i barnehagealder. Dette er eit tema som er viktig å ta tidleg tak i for å førebygge og for å handtere, dette ville eg sjå om var tilfelle i barnehagane. Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2011) påpeiker dette då dei skriv «Ei av samfunnsoppgåvene til barnehagen er å førebyggje diskriminering og mobbing på eit tidleg stadium» (s. 8). Ut frå dette har eg vald problemstillinga:

Korleis kan vi førebyggje mobbing blant dei eldste barna i barnehagen?

Mobbing er eit veldig omfattande tema. Eg har derfor vald å ha hovud fokus på dei eldste barna. Eg har også vald å sjå dette frå dei vaksne i barnehagen sitt perspektiv, ved å intervju pedagogisk leiarar og styrar.

2.0 Teori

2.1 Kva er mobbing?

Når ein eller fleire personar gjentatte gonger over ein viss tidsperiode gjer eller seier ubehagelege og vonde ting til nokon som ikkje klarer å forsvare seg, snakkar vi om mobbing. Det er fleire måtar ein kan oppleve mobbing på, og dei to vanlegaste formene for mobbing er indirekte mobbing og direkte mobbing. Direkte mobbing som spark, slag, truslar, skjellsord eller krenkande og hänlege kommentarar. Indirekte mobbing slik som å ikkje få vere med i kameratgjengen, bli utfrosen, baksnakka og at nokon bevisst hindrar ein å få venner. Også erting, som stadig vert gjenteke trass i dei klare teikna på ubezag hjå den som vert erta, vert rekna som mobbing. Ertig på meir vennskapeleg plan vert ikkje rekna som mobbing. Heller ikkje når to like psykisk og fysisk sterke kranglar eller slåst er det mobbing. Olweus og Solberg (1997) seier for at ei hending skal verte rekna som mobbing er det tre faktorar som må vere til stades. Vondsinna eller negativ åtferd,

som går føre seg over ei viss tid, og det må skje i eit forhold som er prega av ubalanse i styrkeforholdet mellom partane.

Indirekte mobbing er den forma som kan forståast som ein meir sofistikert form for mobbing som er vanskelegast å oppdage, og identifisere mobbaren. Denne forma vert også kalla sosial ekskludering, jentemobbing og relasjonsmobbing. Direkte mobbing vert igjen delt i to, verbal og fysisk mobbing. Verbal mobbing kan vere det å sei vonde og ufine ting til ein annen. Mens fysisk mobbing derimot kan vere å kaste noko på ein, slå, knuffe, kaste stein eller sparke nokon slik at den kjenner det fysisk. Det kan vere like vondt å bli utsett for indirekte mobbing som direkte mobbing (Helgesen, 2014).

Mobbing treng ikkje berre skje mellom to personar, mobbing kan utførast både av ei gruppe eller av einskildpersonar. Den som vert mobba har vanskar for å unngå mobbaren sidan den ofte har støtte av andre i ei vennegruppe. Noko av det som er avgjerande for at mobbinga kan halde fram er at gruppa passivt aksepterer dei negative handlingane. Mobbing i grupper involverer altså ikkje berre eit offer og ein mobbar, men også støttespelarar, tilskodarar, medlauparar og forsvararar. Støttespelarane bidreg med å sjå på, komme med tilrop eller latter, mens medlauparen aktiv deltek i mobbinga. Forsvararen derimot kan aktivt forsøke å stoppe mobbinga eller trøyste mobbeofferet. Sjansen for å verte utsett for mobbing vert stor når eit barn manglar moglegheit for å gå inn i sosiale alliansar med ei gruppe eller andre barn, og barnet sin utryggleik aukar. Det manglande handlingsrommet vert da utnytta av motparten, det er denne situasjonen som vert oppfatta som starten på mobbinga. Det som er avgjerande for om mobbinga tar slutt eller fortsetter er at gruppa sine medlemmer vert sett på som aktive deltarar i mobbinga. Dynamikken i gruppa har tyding ved at tilskodarane kan anten velje posisjonen som mobbar eller trekke seg ut av situasjonen, mens forsvararen med sitt inngrep kan endre situasjonen ved å stoppe mobbinga (Lund, 2014).

Ingrid Lund og Anne Helgeland (2016) seier at det i lang tid har vert snakka om mobbing blant i skulealder. Men først i seinare tid er det sett fokus på at mobbing også skjer i barnehagen. Auka fokus og tidlege inngrep når ein ser mobbing og utestenging i barnehagen vil kunne føre til redusert omfang av mobbing og at mobbe tilfella ikkje vert like omfattande som om dei hadde fått pågått over tid. Barn som vert utestengd i frå fellesskapet i barnehagen kan få svekka sjølvkjensle og barna kan trekke seg tilbake. På bakgrun av barnehagebarna sitt sterke behov for tilhørsle i eit fellesskap har Lund et. al. (2015) utarbeida ein definisjon retta mot dette: «Mobbing av barn i barnehagen er handlinger fra voksne og/eller andre barn som krenker barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull person for fellesskapet» (s. 45).

Denne definisjonen er ikkje laga for å erstatte dei definisjonane som allereie er laga, men for å framheva utfordringane der mobbing går føre seg så tidleg som i barnehagen.

Gode erfaringar gjennom trygge relasjonar avlar trivsel, styrker sjølvbilete og styrker ein positiv utvikling. Negative erfaringar derimot skapar utrygge barn som treng å finne sin eigen måte å meistre kvardagen på. Nokre barn trekkjer seg tilbake frå det sosiale samspelet og vert passive og stille, mens andre barn utagerer. Samanhengen mellom innagerande og utagerande åtferdsutfordringar og mobbing er tydelege i både internasjonal og nasjonal forsking. Det denne forskinga viser er at eit av kjenneteikna på det at mobbaren ofte har utagerande åtferdsproblematikk har ofte mobbeofferet innagerande åtferdsuttrykk. Vi kan på grunnlag av denne kunnskapen sei at mobbing forsterkar og påverker åtferdsutfordringar hjå barn, som igjen påverker barna sin livskvalitet og psykiske helse (Lund, 2014).

Mobbeofferet som trekkjer seg tilbake og ikkje seier ifrå, kan lett verte usynleg i barnehagekvardagen sitt hektiske tempo og bråk. Desse barna er lette offer for mobbaren fordi dei ikkje tar igjen og seier heller ikkje ifrå til dei vaksne. Den innagerande åtferden vert ofte forsterka av mobbinga og det kan føre til at barnet vert enda stillare og isolerer seg heilt for å verne seg sjølv. Om den vaksne går forbi situasjonen med haldning om at «litt må barna tåle» eller «barnet liker å leike aleine» kan bodskapet til barna verte enkle svar som legg ansvaret på barnet. Den vaksne skal aktivt stoppe uønskt åtferd og hjelpe barnet inn i leiken igjen for å gje det forsiktige barnet nye meistringserfaringar. I motsetning til desse innagerande barna er det nokre barn som skapar bråk rundt seg når dei vert triste, urolege eller redde, desse barna vert svært synlege i barnehagen. Dei er ofte midtpunktet i konfliktar og dei tilsette i barnehagen opplever barna som slitsame. I relasjon mellom dei utagerande barna og dei tilsette ligg irritasjonen ikkje langt unna. Den gode vaksne er klar over eigne utfordringar i møte med denne åtferden og ser eigen åtferd som anten forebyggande eller forsterkande av barnet sin åtferd. Den gode vaksne ser ein utfordrande situasjon kome og forebygger den. Det kan vere utfordrande å vise varme overfor eit utagerande barn som forstyrrar leiken og det pedagogiske opplegget på avdelinga, men den vaksne veit alle barn har krav på at den vaksne legg band på sin eigen irritasjon. Dei vaksne i barnehagen må støtte og rettleie dei utagerande barna på best mogleg måte. Dess betre samarbeidet er mellom dei tilsette i barnehagen, dess lettare vert det å vere ein god voksen i møte med utagerande åtferd. Både barn med innagerande og utagerande åtferd treng støtte frå ein voksen når dei vert utfordra (Lund, 2014).

Barn treng rom, tid og innsiktsfulle vaksne som er flinke til å balansere mellom å oppfylle gruppa sitt behov og kvart einskild barn sitt behov. Sidan den trygge vaksne veit kva ein skal sjå etter, ser den det som skjer i leiken. Denne typen vaksne har også kunnskap om korleis den kan støtte det einskilde barnet sitt initiativ og samtidig stimulere til samarbeid i leiken med sin kommunikasjon. Den vaksne må vise tryggleik ved at det er samsvar mellom kroppsspråk og tale, å vere bevisst og aktiv i sin kommunikasjon med barna ved at den er nær og observerer samspelet. Ein trygg voksen våger å ta tak i vanskelege situasjoner, som mobbing, om den veit at det er støtte å få frå personalgruppa. Gode utarbeidde rutinar for kva ein skal gjere ved avdekking av mobbing vil kunne fungere som støtte for den tilsette som oppdagar mobbinga. Barn observerer dei vaksne sin veremåte og tar etter og lærer av dette. Barna vil i tillegg prøve ut ulike måtar å vere på i rolleleiken. Barn forstår ikkje korleis dei andre barna oppfattar deira åtferd. Sjølv om dei får forklart korleis dei andre barna opplever åtferda klarer dei ikkje å endre åtferda si, dei treng rettleiing av dei vaksne for å klare å endre åtferda (Midtsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

2.2 Forebygging av mobbing

2.2.1 Anerkjennande haldning som forebyggande arbeid mot mobbing

Eit omgrep som er svært populært, mykje brukt og kjend for dei fleste er anerkjenning , det vert ofte brukt sidan det har så mykje positivt i seg. Mange filosofar drøftar tydinga av anerkjenning i relasjonar, dei tar utgangspunkt i det som vert kalla dialektisk forståing. Innanfor denne forståinga er noko av det mest sentrale at om ein skal forstå åtferda, opplevinga og relasjonane til menneske må ein sjå menneske i ein samanheng. Dette tyder at vi i barnehagen må forstå, sjå og tolke åtferda til barna som noko meir enn eit individuelt problem, som ligg i barnet som ein eigenskap, vanske eller eit personlegdomstrekk. For å forstå åtferda til barnet må dei vaksne sjå dei utanforliggende faktorane, det kan vere heimesituasjonar, relasjonar og barnehagen sitt miljø. Dialektisk relasjonsteori byggjer på at vi i ein relasjon må vi alltid må forholda oss til både oss sjølv og andre på same tid. «Det legges vekt på at at innanfor den dialektiske relasjonstanken, ligger aspektet ved «selvet i relasjonen» - altså hvordan selvet utvikles eller feilutvikles i dialog og samspill med andre» (Lund, 2014, s. 19). Det vert ut frå dette viktig å rette merksemda mot korleis individua påverkar og dermed endrar kvarandre sin opplevingsverden.

Å ha fokus på anerkjenning og respekt for kvarandre kan hjelpe med å redusere redselen for å ikkje verte ein del av fellesskapet (Helgesen, 2014). Mobbesituasjonar er hendingar som påverkar barnet si oppleving av relasjonar, seg sjølv og andre. Mobbeofferet kan da utvikle ei negativ sjølvforståing. For å unngå at den negative sjølvforståinga skal verte ein sentral del av barnet sitt sjølvbilete, er det her den vaksne sin anerkjenning vert sentral. Barnet vil kjenne seg anerkjent om den vaksne ser og tar tak i mobbinga. Barnet

sin subjektive opplevingsverden er heilt sentral på bakgrunn av den dialektiske forståinga. Dette tyder at den vaksne vil ha fram barnet si oppleveling utan innverknad av den vaksne. Gjennom ein anerkjennande veremåte tar den vaksne barnet sine opplevelingar på alvor. Når den vaksne ikkje anerkjenner barnet sitt bodskap eller viser ved handling at den har lytta, vert barnet si oppleveling diskvalifisert og barnet får tilbakemelding om at det som vert opplevd ikkje er sant. Det er den vaksne som eig sanninga. Vert denne måten å kommunisere på eit mønster, vil ikkje barnet kjenne seg respektert og forstått. Anerkjenning utgjer ein viktig del av oppdraginga. Noko av det viktigaste eit barn kan ta med seg inn i relasjonar er at ein i anerkjenning skaper openheit og respekt for både andre og seg sjølv, dette lærer barnet dersom det vert respektert og anerkjent. I tanken om likeverd, i anerkjennande samspel, er respekten for den andre sin rett til å oppleve verda på sin eigen måte. Moglegheita til gradvis å skape ein kjensle av fellesskap og nærliek ligg i denne aksepten og respekten. (Lund, 2014).

2.2.2 Sosialkompetanse som forebygging mot mobbing

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2011) påpeiker at «Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing» (s. 34- 35). Dag Skram (2007) seier at «Primært skal vi førebygge mobbing ved å oppdra barn og unge til sosial kompetanse, og sekundært skal vi gripe inn med ulike tiltak så tidleg som mogleg. (s. 115). Olweus (2005) er skeptisk til sosial kompetanse som forebyggande tiltak mot mobbing. Han skriv at det er verdifult å støtte og fremje sosial kompetanse hjå barn, men at dette ikkje er nok til å endre negativ åtferd. Barna si sosialisering i samfunnet vil for det meste vere uformell, det vil seie at den går føre seg i den usystematiske samhandlinga med miljøet og personar. Det motsette er den bevisst målretta sosialiseringa som vert utøvd gjennom offentlege institusjonar som organisasjonar, skule og barnehage, denne forma vert kalla formell sosialisering. I barnehagen er den sosiale læringa i hovudsak uformell, men også formell sidan dei tilsette bør vere bevisst dei sosiale måla. Den sosiale læringa i barnehagen består av samspel mellom både vaksne og barn og barn imellom i leik, aktivitet og daglege gjeremål. Den uformelle læringa som barnet tileignar seg i heim, fritidsmiljø og barnehagen vil ha stor tyding i arbeidet med førebygging av mobbing. For å kunne vere eit førebilete for barna i barnehagen må dei tilsette vere bevisst eigen veremåte og sosial kompetanse. Gode reglar kan virke forebyggande mot mobbing, sidan målet med reglane er å skapa tryggleik og trivsel for alle (Midtsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

Godt utvikla empati kan vere med på å førebyggje mobbing. Empati er evna til å setje seg inn og vise respekt for andre sine opplevelingar og kjensler. Ingrid Lund (2014) seier at «Når barn utsettes for mobbing, er en av de viktige tingene vi kan lære dem å si ifra, heve sin egen røst og be en voksen om hjelp til å stoppe mobbingen». Ved ord eller tydeleg åtferd klarer nokre barn å formidle til dei andre barna at dei ikkje liker

det som skjer. Dermed står barna opp for seg sjølv og sin rett til å sei ifrå. Då er det ekstra viktig med støtte frå den vaksne.

2.2.3 Vennskap som forebygging mot mobbing

Eit sentralt mål for barnehagen sitt arbeid med sosial kompetanse er at barna finn seg ein god venn og er ein god venn for andre barn. Verdien av vennskap står sterkt i både barnehagen og vår kultur. Dette samsvarer med det rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2011) seier «Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meiningsfullt. (...) På den andre sida kan makt og utestenging i leiken hindre vennskap og gode relasjonar» (s. 32).

Vennskapsforhold fungerer som ein vernande faktor når det gjeld mobbing, derfor er det viktig å støtte barna i prosessen med å etablere vennskap. Dei barna som er vennelause havnar lett i risikoen for å verte utsett for mobbing viser forsking (Lund, et al., 2015).

Dei vaksne må ikkje oversjå uynskt åtferd, både når det gjeld innagerande og utagerande barn men ta grep så tidleg som mogleg, aller helst i forkant. Her bør ein veksle mellom å la barna prøve seg på eiga hand og at den vaksne tar kontroll. Korleis vaksne grip inn er avgjerande for barna sin åtferd. Av og til må dei vaksne leggje til rette for leikesituasjonar og bestemme kven som skal vere saman eller kven som skal sitje saman. Vi vaksne har erfaring med kva som fungerer, dermed kan vi hjelpe barna til å forstå korleis ein oppfører seg og er saman med andre på ein god måte. Dei barna som sjølv ikkje klarer å danne vennskap treng vaksenhjelp ved at dei vaksne legg til rette slik at andre barn ynskjer å delta. Om vi vaksne i barnehagen har med barna sine ynskjer i vaksenstyrt aktivitet, kan vi vere med på å styrke relasjonane og vise respekt for barna sin verden. Sjølv om vi vaksne prøver å leggje til rette for vennskap mellom barna er det ikkje sikkert at dette fungerer, men då er det ein moglegheit for dei barnehagertilsette å lære noko av dette og å prøve igjen (Midtsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

Vennskapen mellom barn utviklast betre om barn har lett tilgang til kvarandre på fritida, til dømes at foreldra legg til rette for besøk eller at barna bur nære kvarandre. Kvaliteten i vennskapen har ein samanheng med barna sin oppleving av medbestemming i leik. For at dei som deltar i leiken ikkje skal kjenne seg utanfor og oversett, bør barna ha ei felles forståing om leiken sine reglar og innhald. Eit vennskap kan få barna til å kjenne at dei høyrer til, noko som er eit svært grunnleggjande behov og som kan føre til auka trivsel. Både gjennom direkte og indirekte mobbing der barn ikkje får vere ein del av fellesskapet, vert det skapt einsem og frustrasjon. I eit vennskap er lojalitet viktig, det at barnet veit at den

andre brått ikkje vil vere saman med seg, at ein ikkje vert lurt eller seier løyndommar til andre. I mobbesituasjonar eller krenkingar kan det oppstå lojalitetskonfliktar. Til dømes kan det å seie ifrå til vaksne då verta opplevd som brot på lojaliteten fordi det kan verte definert som sladring. Det er derfor viktig at barnehagen tar opp tema som lojalitet og sladring i til dømes barnelitteratur, samlingsstund og dialog med foreldre (Midtsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

2.2.4 Foreldresamarbeid som forebygging mot mobbing

Barnehageloven § 1 (2005) seier at «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Også Dag Skram skriv at foreldre er ein viktig samarbeidspartner: «I mobbesaker er det nødvendig med alvorlege samtalar med mobbar og foreldre og i nokre tilfeller klasse- eller skulebytte. Samtidig må vi også hugse på at ein del av åtferda til mange barn og unge er vanleg grenseutprøvande åtferd.» (s. 122). I barnehagen vil vi møte eit stort mangfold av foreldre, dette kan gjere samarbeidet ekstra utfordrande. I samarbeid med foreldra til mobbaren og mobbeofferet er det kjensler, utfordringar og sårbarheit ein må ta omsyn til. Det å vite at ditt barn ikkje meistrar leiken saman med andre barn er vondt. Foreldra vil at barna deira skal ha det godt saman med andre, meistre leikesituasjonar, oppleve trivesel og ha venner. Også i samarbeid med foreldre er vi avhengige av å anerkjenne den andre si oppleveling. Målet er saman å finna ut kva som er det beste for barnet. Det kan vere vanskeleg for den barnehagetilsette å formidle bodskapen med handling eller ord til foreldra og motsett, sidan bodskapen er ein så kompleks ting. Bodskap er både det den eine meiner å seie, det ein faktisk seier, måten det vert sagt på, det som vert formidla gjennom kroppsspråket og slik motparten tolkar det som vert sagt. For at foreldresamarbeidet skal verte godt er det fleire element som spelar inn. Det kan til dømes vere lurt å førebu den andre på det ein ynskjer å ta opp, meddele at det er eit ubehageleg tema, gje den andre tid og moglegheit til å svare på det ubehagelege, bruke «eg» - bodskap sidan ein berre kan snakke for seg sjølv, ha ein ny samtale for å reflekter og utdjupe temaet, ha ein tydeleg avslutning slik at begge partar er einige om at dette var ein viktig prosess (Midtsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

3.0 Metode

«En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst midel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert I Dalland, 2012: 111). Dalland (2012) skil mellom to metodar. Kvantitativ metode som gjer data i form av målbare einingar og kvalitativ metode som tar sikte på å fange opp mening og oppleveling som ikkje lar seg måle eller talfeste. Forskarar som nyttar kvalitative data vert kalla «tolkarar», mens forskrarar som nyttar kvantitativ metode vert karikert som «teljarar». Ein må sjølvsagt forstå at det i kvalitative undersøkingar er element av

kvantifisering og omvendt. Ulikskapen mellom desse metodane er måten ein innhentar data på. I dette kapittelet vil eg gjere greie for metoden eg har brukt og mine val knytt til datainnsamlinga (Dalland, 2012). Eg startar kapittelet med å forklare kvalitativt metode, vidare vil eg ta for meg kvifor eg valde intervju og kva intervju er, val av intervjupersonar, pilotstudie, validitet, reliabilitet, feilkjelder, etiske omsyn og personvern.

3.1 Kvalitativ metode

Kvalitative data er data som fortel noko om kvalitative, ikkje-talfestbare, eigenskapar hjå intervjupersonen. Med data meiner eg den informasjonen som eg treng til undersøkinga. Denne typen data vert ofte kalla mjuke-data. Det er mange fordelar med kvalitativ metode. Ein får møte intervjupersonane ansikt til ansikt, noko som er til hjelp for å unngå fråfall. Det er lettare å la vere å svare på eit avkryssingskjema enn å unngå å svara på eit spørsmål under eit intervju. Det vert lettare å gå i djupna i eit intervju slik at ein får ei heilskapsforståing av intervjupersonane sitt svar. Ein får mange opplysningar om få undersøkingeininger og ein får fram både det som er særskild og eventuelt avvikande. Ein kan også stille oppfølgingsspørsmål til intervjupersonane og ein får utfyllande og utdjupande svar, slik at ein unngår misforståingar og intervjuaren sine misstolkingar av svaret. Det er enklare å sikre god validitet i kvalitative undersøkingar sidan ein kan stilla utdjupande spørsmål, stilla fleire spørsmål og at den som vert intervjuet kan snakka meir fritt og be om oppklaring og dermed unngå misforståingar. Observasjonar under intervjuet gjer det også lettare for meg som intervjuer å tolke svara (Larsen, 2008).

Det er også ulemper med kvalitativ metode. Ein kan ikkje generalisere det ein får fram i dei ulike intervjuer. Det er meir tidkrevjande og vanskelegare å behandle data i ettertid, arbeidet med å forenkle datamengda er omfattande. Dei som vert intervjuet meiner kanskje at det er vanskelegare å vere ærleg under eit intervju sidan ein ikkje er anonym, noko som er lettare i kvantitativ metode der ein svarer på eit spørsmålsskjema med svaralternativer. Metoden eller den som utfører intervjuet kan påverke resultatet, til dømes kan intervjupersonen svare det dei trur eg vil høyre for å gje eit godt inntrykk eller skjule uvitskap. Også det å vere klar over at dei vert observert kan verke inn på åtferda deira (Larsen, 2008).

3.2 Kvifor eg valde intervju

I mi undersøking har eg vald å bruke intervju med strukturerte spørsmål, fordi eg tenkjer at intervju er den metoden der eg vil få best svar på mi undersøking. Ved bruk av intervju vil eg få konkrete svar på det eg ynskjer svar på. Om eg hadde vald til dømes observasjon ville eg nok ikkje fått så mange gode observasjonar og dermed ikkje fått svar på det eg trengde til mi undersøking. Eg valde å kombinere lydopptak og notering av stikkord under intervjuet. I etterkant har eg skive ut stikkorda med hjelp av

lydopptaka slik at eg har fårt utfyllande svar. Dette vart utført same dag som intervjuet slik at eg hadde intervjuet ferskt i minne, dermed hadde eg moglegheit til å skrive litt om intervjustituasjonen og intervupersonen sin åtferd og mitt inntrykk av forløpet.

3.3 Intervju

Dei data som vert innsamla er i form av forteljingar, setningar og ord. Dette går vanlegvis føre seg ansikt til ansikt, men kan også gå føre seg via telefon. Eg valde å ha intervju strukturerte, altså at dei består av faste forhandsbestemte spørsmål, slik at eg har ein plan for å få svar på det eg lurer på. Spørsmåla er opne og har ingen faste svar eller svaralternativ, dette fører til fleksibilitet og intervupersonane må formulere eigne svar. Eg hadde faste spørsmål med ei fast rekjkjefølge slik at eg sikra meg at alle intervupersonane svarte på dei same spørsmåla. På den måten fekk eg også strukturert intervjuet slik at når eg skreiv ut intervjuet var det lettare å samanlikna dei tre intervjuet sidan spørsmåla var i same rekjkjefølge (Jacobsen, 2013).

I individuelle intervju treng ikkje intervupersonen å ta omsyn til andre, og står dermed fritt til å leggje fram sine meningar og oppfatningar. Sidan det i eit individuelt intervju er eit ein-til-ein-relasjon, eg-du-forhold, er det eit godt utgangspunkt for å skapa tillit noko som kan føra til openheit under intervjuet. Denne typen intervju eigner seg godt til å få fram meningane og oppfatningane til einskildpersonar. Her er også individuelle intervjuets største avgrensing, at det kan verte for individualistisk (Jacobsen, 2013).

3.4 Val av intervupersonar

Eg valde å intervju to pedagogiske leiarar og ein ny styrar (som før hadde vore pedagogisk leiar). Informant A har jobba som pedagogisk leiar i 8 år, informant B har jobba som pedagogisk leiar i 20 år og informant C har jobba som styrar i 6 månadar og før som pedagogisk leiar i 11 år. Dette var eit strategisk val sidan eg valde dei på bakgrunn av kunnskap og erfaring. Dei var alle frå same barnehage, noko som var heilt greitt for undersøkinga mi. Eg valde å intervju desse sidan dei sa seg villig til å la seg intervju og det ikkje var så lett å få tak i nokon å intervjuet då vi var så mange studentar som ville intervjuet i same område. Eg var litt kjend med personane på førehand og gav dei moglegheit til å velje om dei ville vere med på eit intervju eller ikkje, det var viktig for meg at eg ikkje pressa dei til å vere med for å få eit meir opent intervju. Eg ville ha med både styrar og pedagogisk leiar sine meningar i undersøking mi for å få med fleire sider. Personane er intervjuet er tre kvinner rundt alderen 47, dei jobbar alle i ei lita bygd på vestlandet.

3.5 Pilotstudie

For å utarbeide gode spørsmål til intervjuet er det lurt å foreta ei pilotstudie før undersøkinga. Pilotstudie er ei forundersøking som gjer oss sikre på at ein stiller dei rette spørsmåla i intervjuet, dette kan vere med å forbetre resultata av hovudundersøkinga. Ved at ein prøver ut spørsmåla sine i eit prøveintervju får ein stadfestat ein får svar på det ein vil ha svar på, altså om det er relevant i forhold til problemstillinga. Eg har gjennomført eit slikt pilotstudie. Denne gjennomføringa var med på å gje meg best mogleg grunnlag før eg tok i gang med hovudundersøkinga. Eg vart dermed kjend med det å intervju, eg fekk testa meg sjølv i intervjustusjonen på førehand av undersøkinga noko som var til hjelp med å verte tryggare på metoden. Eg fekk også testa at rekkjefølgja på spørsmåla fungerte godt slik at den ikkje hadde innverknad på intervupersonane sine svar. På den måten fekk eg sett at eg hadde nok og riktige spørsmål til å få svar på min problemstilling (Bø & Helle, 2014).

3.6 Validitet, reliabilitet og feilkjelder

Validitet står for gyldigheit og relevans. Det som vert målt må vere gyldig og ha relevans for det problemet som vert undersøkt, med andre ord får ein svar på problemstillinga. Reliabilitet tyder pålitelegskap, og handlar om at målingar må utførast korrekt, og at eventuelle feilmarginar vert angitt. Dei data som i utgangspunktet er relevante må vere samla inn på ein slik måte at dei vert pålitelege, med dette meiner eg at alle dei ulike ledda i prosessen må vere fri for slurv. Sjølve kommunikasjonsprosessen i eit intervju kan vere ein mogleg feilkjelde: vert spørsmåla riktig oppfatta, vert svara riktig skriven ned, vert svara riktig oppfatta, forstår eg som forskar mine eigne forkortingar, er lyden på lydopptaka gode nok (Dalland, 2012).

3.7 Etiske omsyn og personvern

Etikken dreiar seg om normene for god og riktig livsførsel. Etikken skal gje oss rettleiing og grunnlag for vurdering før ein handlar i vanskelege avgjersler i livet. I forsking har etikken med rapportering, planlegging og gjennomføring å gjere. Målet er å sikre truverd og ivareta personvern. Målet til forskinga må ikkje føre til utnytting av einskildpersonar si velferd eller integritet. I etiske overvegingar ligg det meir enn berre det å følgje reglar. Ein må altså tenkje gjennom kva etiske utfordringar undersøkinga vår medfører og korleis ein kan handtera dei. Allereie i planleggingsfasen er det etiske omsyn, blant anna om kven som drar nytte av dei nye kunnskapane som eg prøver å skaffe. I forskinga mi kan dei som vert intervjuata dra direkte nytte av det som vert forska på, noko som gjer at eg kan gje noko tilbake til intervupersonane (Dalland, 2012).

3.8 Datainnsamling og bearbeiding av data

Innsamling av data handlar om å søkje den kunnskap ein er ute etter, med andre ord finne svar på problemstillinga, dette er ein vesentleg fase i undersøkingsprosessen. Det er to ulike datakjelder som er vanleg å skilje mellom; primærdata og sekundærdata. Data som forskaren sjølv samlar inn gjennom ulike metodar vert kalla primærdata, mens data som allereie er samla inn av andre vert kalla sekundærdata eller foreliggende data. Først og fremst er sekundærdata forskningsdata, undersøkingar som er gjennomført av andre. (Dalland, 2012)

4.0 Empiri

Ut frå mine empiriske funn skal eg presentera dei funna som er mest relevant for oppgåva mi. Eg deler svara inn i fire ulike kategoriar. Første delen handlar om kva informantane legg i omgrepet mobbing, andre del handlar om mobbing i barnehagen, tredje del handlar om styringsdokument og siste del handlar om foreldresamarbeid.

4.1 Omgrepet mobbing

Då informantane fortel om kva dei legg i omgrepet mobbing er alle informantane einig i at mobbing er negative handlingar som varer over tid, og ikkje berre ein einskild hending. Einskild hending er ofte meir erteing enn mobbing. Informant A seier ho tenkjer først og fremst at eit eller fleire barn vert utestengt frå leiken og vert snakka nedlatande til og ikkje vert inkludert. Informant B har eit litt breiare syn ved at ho meiner at alle negative handlingar utførd av eit barn mot eit anna barn eller ei gruppa med barn mot eit barn, er mobbing. Som informant A nemner også informant C utestenging. Informant C legg også til ein ny tanke om mobbing, nemleg at det er motstridande maktforhold. Altså at den eine er har makt over den andre, at det ikkje er likeverdige partar. Alle informantane trur det er semje blant dei tilsette i barnehagen om kva som vert lagt i omgrepet mobbing, og eventuelt kven som vert mobba. Informant C seier «eg innbiller meg jo at dei ser på mobbing på same måte som meg, men det er sikkert veldig individuelt kva ein tenkjer». Mens informant A seier ho trur det aldri hadde vert usemje om omgrepet mobbing.

4.2 Mobbing i barnehagen

På spørsmål om informantane trur det er tilfeller av mobbing på avdelinga si er det ulikskap i svara. Informant A svarar positivt på dette, men ho likar ikkje å bruke omgrepet mobbing og brukar i staden utestenging. Ho heldt fram med å seie at det ikkje berre er eit barn som vert mobba, men at det heile tida er fleire barn som vert utestengd frå leiken og får nedlatande kommentarar frå andre barn. Informant B meier derimot at det ikkje er mobbing på hennar avdeling, ho håper i alle fall ikkje det. Men ho tenker det

er ein moglegheit for at det kan vere veldig skjult, det kan vere skummelt å seie seg sikker på at det ikkje er mobbing på hennar avdeling. Dei er alle einige i at vi heile tida må vere nær leiken slik at alle ufine handlingar vert fanga opp.

Informantane meiner det er veldig ulikt frå situasjon til situasjon om det er lett å oppdage mobbing, men dei er alle einige i at om vi alltid er observant er det gode moglegheiter for å oppdage mobbing. Til dømes i ei aktiv gruppe som gjer mykje av seg vil det vere enkelt å sjå mobbinga om vi berre er til stades der det skjer. Informant A seier dei også får tilbakemelding frå foreldre som har reagert på barna si åtferd eller om barn som fortel noko heime. Informant C seier at det er vanskelegare å oppdage mobbing hjå store barn enn hjå små barn. Store barn veit gjerne at det gjer noko dei ikkje har lov til og gøymer seg slik at dei vaksne ikkje skal oppdage dei. Ho påpeika at det likevel er ganske lett å oppdage om ein berre er observant og på plass der barna er.

På spørsmål om barna forstår at dei vert mobba eller mobbar andre er informantane noko delt. Det er semje om at dei som vert mobba forstår det og kjenner på at dette ikkje er greitt. Mens informant A og B meiner at barna forstår at dei mobbar, sidan barna stopper opp med den negative handlinga når vaksne kjem bort til dei. Informant C derimot er usikker på om barna forstår at dei mobbar, ho meiner at barna ikkje i alle tilfeller forstår at dei mobbar. Informant A seier «Eg trur eigentleg ikkje at dei som mobbar, mobbar for å mobbe. Eg trur at dei mobbar, stengjer ute eller seier stygge ting for å hevde seg eller for å tøffe seg». Informant C seier at ho trur barna ikkje alltid tenker over si eigen åtferd, men at barna nokre gongar er bevisst mobbinga. Vidare seier ho om barna sjølv kjenner seg undertrykte i heimen eller andre stader kan dei la det gå utover barna i barnehagen. Informant A seier det er tilfeldig kven som vert utestengt og snakka nedlatande til, dette kan variere frå dag til dag. Det er nokre få som er meir utsett enn andre fordi dei kanskje ikkje gjer like mykje av seg som dei andre.

Informantane er svært einige når det gjeld om det er viktig å jobbe med mobbing i barnehagen. Dette må vi jobbe med heile tida kvar dag sidan det tross alt er nulltoleranse for mobbing i barnehagen seier informantane. Informant C seier det er viktig å jobbe med mobbing fordi det kan føre til varige psykiske problem hjå dei barna som vert utsett for mobbing. På spørsmål om korleis dei jobbar med mobbing i barnehagen svarar informantane at dei har mest fokus på vennskap. Alle informantane fortel ivrig om eit forebyggande tiltak dei har på sin avdeling, venneregular, desse vert laga saman med barna i starten av barehageåret. I desse reglane står det til dømes at vi skal vere snill med kvarandre, ikkje slå, ikkje kaste stein, ikkje bite, at alle skal få vere med i leiken og at vi skal seie fine ting til kvarandre, med andre ord står

det ting barna er opptekne av. Informant A fortel dei har fokus på å øve barna til å seie fine ting til kvarandre i staden for å seie nedlatande ting til kvarandre. Dette gjer dei blant anna ved at alle skal sei noko fint om bursdagsbarnet og dette vert skreve ned, laminert og overrekt bursdagsbarnet. Informant B er meir oppteken av det å vere nær leiken til barna og å vere observant, for å plukke opp negative handlingar fort slik at dei ikkje får utvikle seg. Det vert slått hardt ned på munnbruk og dei som er ufin med andre vert tatt vekk frå leikesituasjonen, slik at dei får reflektere over eigen oppførsel før dei får vere med i leiken igjen. Dei tre informantane fortel også at dei brukar organiserte leikegrupper der vi vaksne har bestemt kven som skal delta i kvar gruppe og kva pedagogisk aktivitet dei skal holde på med. Informant C fortel at dei i uteleiken har fokus på at ein voksen skal heile tida vere til stades og observere leiken til barna. Informant B seier det er viktig å tenkje på at vi vaksne er gode rollemodellar for barna. Vidare seier ho at vaksne må vere bevisst korleis dei snakkar til kvarandre og korleis dei omtalar kvarandre. Alt vi gjere både nonverbalt og verbalt vert oppfatta av barna.

Alle informantane seier det er skjeldent dei bruker ordet mobbing når dei snakke med barna om temaet, dei prøver å fokusere på det positive og snakke om vennskap og det å vere hyggeleg mot kvarandre i staden for å fortelje korleis ein ikkje skal vere. Vi har prøvd oss på Barnesamtalar med ei gruppe barn ein gang i veka der vi spør barna korleis dei har hatt det denne veka, om dei har vert snille med kvarandre og om det har skjedd noko spesielt. Informant B fortel ho har brukt samlingsstunder til å lese ei bok om vennskap eller utesenging for så å snakke med barna om dette. Ho fortel også at vi må arbeide med mobbing heile tida for å førebyggje. Alle informantane legg vekt på at det er viktig at kvart einskild barn vert sett og får merksemrd for å styrke samhaldet i gruppa og samtidig ta vare på det einskilde barnet.

På spørsmål om korleis problemet med mobbing vert tatt opp blant personalet er informantane einige om at det vert diskutert både på personalmøte, avdelingsmøte og i barnehagekvardagen. Der arbeider dei med å finne metodar for å få slutt på mobbing der det er aktuelt elles vert det snakka om korleis vi skal førebyggje mobbing. Ifølgje informant B snakkar dei vaksne om at dei er rollemodellar for barna og derfor må vere tydelege vaksne. Informantane fortel det er viktig å vere nær leiken for å førebygge. På personalmøte informerer vi kvarandre om eventuelle utfordringar i barnegruppa slik at når vi er fleire avdelingar ute i barnehagen er alle informerte og kan vere med å førebygge og ta tak i hendingar som skjer i uteleiken. Informant B seier dei diskuterer på personalmøte at vi må vere bevisst vår rolle i forhold til at vi er ein institusjon, ein del av den livslange læringa som barna er ein del av. Vi skal lære barna å vere eit menneskje, eit menneskje der dei kan omgåast sosialt på ein positiv måte der vi tenkjer barnet inn i det vaksne livet og korleis barnet skal klare seg inn i det vaksne livet. Vi må på ein måte sjå heile spekteret seier ho. Informant C fortel at dei arbeidar med psykisk helse, korleis dei snakkar til barna og korleis dei vaksne

opptrer overfor barna. Barna lærer av korleis vi vaksne opptrer overfor barna seier ho.

Alle informantane seier dei har bøker i barnehagen om mobbing og vennskap. Informant A fortel dei har ein liten boks med ti små bøker om vennskap med ulike tema som til dømes samarbeid og det å dele med andre. Dette handlar om mobbing, men er vinkla slik at det er vennskap som vert fokuset. Ho fortel vidare at bøkene burde bli enda meir brukt. Informant B fortel at fleire av bøkene dei har om Albert Åberg omhandlar det å få vere med i leiken på ein fin måte. Poenget er å synleggjera eit slikt tema gjennom bøker, der barna lett kan kjenne seg igjen i situasjonen. Ho meiner også at ein ikkje treng lese for heile gruppa, kanskje ein kan avgrense det til å lese for dei barna som er involverte.

4.3 Styringsdokument

Informantane er alle litt usikre på kva styringsdokument som omhandlar mobbing, men både barnehagelova og rammeplanen vert nemnt. Informant C viser til at det står i rammeplanen og barnehagelova at barna skal kjenne seg trygge, og om psykisk helse. Ho fortel også at dei har ein kriseperm som er eit veldig godt reiskap med tanke på alle slags krisar, der er det eit eige kapittel om mobbing. I den er det ein steg for steg skildring om korleis vi skal forhalde seg i mobbesituasjonar. Informant B trekkjer også fram at det å førebyggje mobbing og utestenging vert nemnt i barnehagen sin årsplan. I denne står det også mykje om sosialiseringss prosessen og det å verte sosial kompetente som handlar om korleis ein er mot kvarandre. Informant A fortel om eit nytt tiltak på avdelinga. Barn med negativ åtferd skal takast ut av leikesituasjonen for ein «timeout» med ein voksen der barnet får tenkt seg om og prata om det barnet har gjort eller sagt.

4.4 Foreldresamarbeid

Alle informantane er svært einige i at det er viktig å informere foreldra ved å fortelje om deira barn vert utestengd eller stengjer ute andre barn. Dei påpeikar at det er viktig med eit tett foreldresamarbeid i mobbetilfeller og med tanke på førebygging av mobbing, her er det også viktig å informere om tiltak som vert sett inn. Ein open dialog mellom barnehage og heim er viktig fordi det skal vere eit samarbeid, det er ikkje barnehagen på ei side og heimen på den andre. På foreldremøte vert det automatisk snakka om det å vere saman i leik, då nemner vi utestenging, erting og mobbing om dette er aktuelt. Informant B la vekt på at barnehagen og heimen må vere bevisst at dei opptrer som rollemodellar ovanfor barna. Både informant B og C seier at om foreldra kjem og henvender seg eller om ein oppdagar slike saker i barnehagen må det verte eit foreldremøte og deretter eit oppfølgingsmøte, i desse møta deltek også styrar.

5.0 Drøfting

5. 1 Omgrepet mobbing

Då er spurde informantane kva dei legg i omgrepet mobbing, svarer dei at det er negative handlingar som varer over tid og gjentatte gongar. Informant C seier at det også er motstridande maktforhold mellom mobbaren og offeret, altså at mobbaren har makt over offeret, partane er ikkje likeverdige. Dette samsvarer med funna eg har gjort i teorien. Olweus og Solberg (1997) seier at det er mobbing når ein eller fleire personar over ei viss tid, gjentatte gongar, gjer eller seier ubehagelege og vonde ting til nokon som ikkje har evne til å forsvare seg sjølv. Informant A og B fortel også at det kan vere eit eller fleire barn som mobbar. Noko som Lund stadfester (2014) ved å sei at mobbing ikkje berre treng å vere mellom to barn, men kan utførast både av ei gruppe og av enkeltpersonar.

Ingrid Lund (2014) seier at mobbing forsterkar og påverkar åtferdsutfordringar hjå barn, som igjen påverker barna sin livskvalitet og psykiske helse. Dette stadfestar det informant C seier om at det er viktig å jobba med mobbing fordi det kan føre til varige psykiske problem hjå dei barna som vert utsett for mobbing. Ingrid Lund (2014) seier at mobbeofferet ofte har innagerande åtferd, mens mobbaren derimot ofte har utagerande åtferd. Alle informantane er einige i at det er semje blant dei tilsette i barnehagen om kva som ligg i omgrepet mobbing og kven som vert mobba. Ingrid Lund (2014) påpeiker at eit innagerande barn som vert mobba ofte kan verte oversett i barnehagen sin hektiske kvardag, sidan barnet trekkjer seg tilbake og ikkje seier ifrå. Vidare seier ho at desse barna lett kan verte offer for mobbaren. Ho seier også at for å forstå åtferda til barnet må dei vaksne sjå dei utanforliggjande faktorane som heimesituasjon, relasjonar og barnehagen sitt miljø. Ingrid Lund (2014) seier at dess betre samarbeidet er mellom dei tilsette i barnehagen, dess lettare vert det å vere ein god vaksne i møte med utagerande åtferd. Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) seier at sidan den trygge vaksne veit kva ein skal sjå etter, ser den det som skjer i leiken. Vidare seier dei at ein trygg voksen våger å ta tak i vanskelege situasjonar som mobbing, sidan den veit at det er støtte å få frå resten av personalet.

Mai Britt Helgesen (2014) skriv at den indirekte mobbinga er den forma for mobbing som er vanskelegast å oppdage og mobbaren kan lettare gøyme seg for den vaksne. Mens den direkte mobbinga, både verbal og fysisk mobbing, er meir synleg for dei vaksne i barnehagen. Informant A og B meiner at barna har forståing av at dei mobbar andre barn, sidan den negative handlinga stoppar opp om vaksne brått kjem i nærleiken. Informant A seier «Eg trur eigentleg ikkje dei som mobbar, mobbar for å mobbe. Eg trur dei mobbar, stengjer ute eller seier stygge ting for å hevde seg eller for å tøffe seg».

5.2 Vennskap i forhold til mobbing

Lund et. al. (2015) seier at eit sentralt mål for barnehagen sitt arbeidet med sosial kompetanse er at barna finn seg ein god venn og er ein god venn for andre barn. Vidare seier dei at verdien av vennskap står sterkt både i barnehagen sin kultur og vår kultur. Informantane fortel at dei har bøker i barnehagen som omhandlar mobbing som dei kan bruka både i førebyggingsarbeid og når dei jobbar direkte mot mobbetilfeller. Desse bøkene er vinkla inn mot vennskap i staden for direkte mot mobbing sidan ikkje alle barn har forståing for omgrepet mobbing. Alle informantane la vekt på at dei skjeldent brukte omgrepet, nettopp på bakgrunn av dette. Informant B seier at sjølv om bøkene vert brukt, kunne dei nok vert brukt enda meir. Desse bøkene bruker informantane i samlingsstunder, for einskild barn eller i små grupper for å setje lys på temaet om mobbing og vennskap og får at barna skal få kjenne seg igjen i situasjonane.

Informantane seier dei jobbar mykje med vennskap som forebygging mot mobbing. Dei er alle einige i at mobbing er noko som må jobbast med kvar dag heile tida, det er tross alt nulltoleranse for mobbing i barnehagen. Lund et. al. (2015) skriv at vennskapsforhold fungerer som ein beskyttande faktor når det gjeld mobbing, derfor er det viktig å støtte barna i prosessen med å etablere vennskap. Informant B og C er opptekne av det å vere nær leiken til barna og å vere observant, at det heile tida skal vere ein vaksne til stade for å plukke opp negative handlingar slik at dei ikkje får utvikla seg. Midtsand, Monstad og Søbstad(2004) skriv også at barn treng innsiktsfulle vaksne som er nær og observerer barna sitt samspele. Dei seier også at dei vaksne i barnehagen må vise tryggleik ved samsvar mellom kroppsspråk og tale. Informant B fortel at det er viktig å vere tydelege vaksne for å oppretthalde barna sin tryggleik. Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) understrekar dette med å seie at gode reglar kan virke forebyggjande mot mobbing, sidan målet med reglane er å skape trivsel og tryggleik for både barna og dei vaksne i barnehagen. Dei seier også at eit venskap er viktig for barna sin tryggleik og for at dei skal kjenne seg som ein del av fellesskapet. Dette seier også Rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen (2011) «Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meiningsfullt. (...) På den andre sida kan makt og utestenging i leiken hindre vennskap og gode relasjoner» (s. 32).

Informantane seier at dei av og til bruker leikegrupper for å til dømes skilje to barn, øve på relasjoner med andre og utfordre til nye relasjoner. Med leikegrupper meiner informantane pedagogisk opplegg der dei vaksne har valt kven som skal vere på grupper saman. Dette stadfeste Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) ved å seie at dei vaksne i somme tilfeller må legge til rette for leikesituasjonar og bestemme kven

som skal vere saman eller kven som skal sitje saman. Vidare påpeiker dei at vaksne har erfaring med kva som kan fungere og at vaksne kan vere med på å styrke relasjonane barna i mellom.

5.3 Anerkjenning

Ingrid Lund (2014) seier at anerkjenning utgjer ein viktig del av oppdraginga. Mai Britt Helgesen (2014) påpeiker at det å ha fokus på anerkjenning og respekt for kvarandre kan hjelpe med å redusere redselen for å ikkje verte ein del av fellesskapet. Ingrid Lund (2014) seier at eit barn som vert mobba vil kjenne seg anerkjent om den vaksne tar tak i mobbinga. Ho seier vidare at noko av det viktigaste eit barn kan ta med seg inn i relasjonar er at ein i anerkjenning skaper openheit og respekt for både andre og seg sjølv, dette lærer barnet dersom det vert respektert og anerkjent. Ho fortsett med at om ein skal forstå åtferda, opplevinga og relasjonane til barn må ein sjå barn i ein samanheng, som tyder at vi må forstå, sjå og tolke åtferda til barna som noko meir enn eit individuelt problem. Informant A fortel at dei gjev anerkjenning blant anna ved at alle skal seie noko fint om bursdagsbarnet og at dette vert skriven ned, laminert og overrekt bursdagsbarnet.

Informant B seier at det står mykje i rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen står det (2011) om sosial kompetanse og det å verte sosial kompetent, og dette handlar om korleis ein er mot kvarandre. I rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen (2011) «Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing» (s. 34- 35). Dag Skram (2007) er einig i dette og seier at «Primært skal vi førebygge mobbing ved å oppdra barn og unge til sosial kompetanse, og sekundært skal vi gripe inn med ulike tiltak så tidleg som mogleg. (s. 115).

Informant A seier dei har fokus på å øve barna i å sei fine ting til kvarandre i staden for at barna skal snakke nedlatande til kvarandre. Vidare seier ho dei slo hardt ned på munnbruk, altså det å sei ufine ting til kvarandre. Dette er Ingrid Lund (2014) einig i, ved å seie at godt utvikla empati kan vere med på å førebyggje mobbing. Informantane fortel om eit tiltak dei har mot mobbing som går ut på å ta vekk dei barna som er ufine med andre frå leikesituasjonen, for at desse barna skal få reflektere over eiga oppførsel før dei igjen får vere med i leiken. Informant A kallar dette for «timeout», dette går føre seg med litt avstand frå dei andre barna slik at barnet får prate med ein vaksen om det barnet sjølv har gjort eller sagt. Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) støtter dette tiltaket ved å seie at barn ikkje forstår korleis dei andre barna oppfattar deira åtferd. Sjølv om barnet får forklart korleis dei andre barna opplever åtferda klarer dei ikkje å endre åtferda si aleine, dei treng rettleiing av dei vaksne for å klare å endre åtferda.

Informant B seier at vi som vaksen må ein tenkje på at vi er gode rollemodellar for barna og dermed må vere bevisst korleis vi snakkar til kvarandre og korleis vi omtalar kvarandre. Alt vi gjer både nonverbalt og verbalt vert oppfatta av barna. Dette gjenspeglar seg i det Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) seier om for å kunne vere eit førebilete for barna må vi vere bevisst eigen veremåte og sosial kompetanse. Vidare seier dei at barn observerer vaksne sin veremåte og tar etter og lærer av dette. Informant B legg vekt på at også foreldre må vere bevisst at dei opptrer som rollemodellar overfor barna. Det kan vere lurt å ha eit foreldremøte der barnehagen og foreldre vert einige om korleis dei begge kan vere gode rollemodellar for barna, og ha same regler og verdiar. Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) held fram med å seie at gode utarbeida planar for kva ein skal gjere når ein avdekkar mobbing vil fungere som støtte for den som oppdagrar mobbinga. Informant C fortel at dei har ein kriseperm i barnehagen som er eit veldig godt reiskap med tanke på alle slags krisar, med eit eige kapittel om mobbing. I denne er det ein steg for steg skildring om korleis ein skal forhalde seg i mobbetilfeller.

Informantane fortel at dei bruker barnesamtalar og gruppесamtalar når det oppstår situasjonar som liknar på mobbing eller utesetjing. I tillegg til barnesamtaler med einskild barn når dei vert tatt ut av leikesituasjonar, brukar informantane gruppесamtalar med dei involverte for at barna skal øve på å setje seg inn i det andre barnet sine opplevingar og kjensler. Ingrid Lund (2014) skildrar empati som evna til å setje seg inn og vise respekt for andre sine opplevingar og kjensler. Altså informantane bruker gruppесamtaler som eit middel for å øve opp barna sin evne til empati.

Alle informantane legg vekt på at det er viktig at kvart einskild barn vert sett og får merksemd for å styrke samhaldet i gruppa og samtidig ta vare på det einskilde barnet. Lund et. al. (2015) seier at at barn har sterke behov for tilhørsle i ei gruppe eller eit fellesskap. Vidare seier ho at barn som vert utesengd i frå fellesskapet i barnehagen kan få svekka sjølvkjensle og barna kan trekke seg tilbake. Ho seier at barn som derimot får gode erfaringar gjennom trygge relasjonar avlar trivsel, styrker sjølvbilete og styrker ein positiv utvikling. Ho påpeiker at for å unngå at den negative sjølvforståinga skal verte ein sentral del av barnet sitt sjølvbilete, er den vaksne sin anerkjenning sentral. Midsand, Monstad og Søbstad (2004) skriv også at barn treng rom, tid og innsiktfulle vaksne som er flinke til å balansere mellom å oppfylle gruppa sitt behov og kvart einskild barn sitt behov.

5.4 Foreldresamarbeid

Alle informantane legg vekt på at foreldresamarbeid er svært viktig i tilfeller som omhandlar mobbing og med tanke på førebygging av mobbing. Vidare seier dei at foreldra må verte oppdatert på om deira barn vert utestengd eller om barnet deira er med på å stengje ute andre barn og om tiltak som er sett i verk i samband med mobbinga. Dette samsvarer med det barnehageloven (2005) sin formålsparagraf som seier at «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Dag Skram (2007) legg også vekt på at det er nødvendig med alvorlege samtalar med foreldre i mobbetilfeller. Informantane meiner også det er viktig med ein open dialog mellom barnehage og heim fordi det skal vere eit samarbeid og ikkje slik at barnehagen er på ei side og foreldra på den andre. Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) meiner det kan vere vanskeleg for den barnehagetilsette å formidle bodskapen med handling eller ord til foreldra og motsett veg sidan bodskapen er ein så kompleks ting.

6.0 avslutning

Som tidlegare nemnd påpeiker pedagogane at dei ikkje likar å bruke omgrepet mobbing i barnehagen, dei vinklar det heller positivt og snakkar om vennskap. Dette syner at dei er klar over at mobbetilfeller er aktuelt i barnehagekvardagen og at dei derfor jobbar for å førebygge dette. Både informantane og teorien stadfester at det å jobbe med vennskap er ein svært viktig då det fungerer som ein forebyggande og beskyttande faktor når det gjeld mobbing. Det er derfor viktig å støtte barna i prosessen med å etablere vennskap.

Midtsand, Monstad og Søbstad (2004) skriv at «Det finnes ingen enkle løsninger på mobbeproblemet, derfor må det arbeides på fleire plan for å motvirke mobbing» (s. 3). Dette seier informantane seg einige i ved at dei seier at mobbing er noko som må jobbast med kvar dag heile tida.

Avsluttande vil eg slå fast at mobbetilfeller finn stad i barnehagane. Ansvaret for å oppdage slike tilfeller ligg hjå dei tilsette, om mobbing ver oppdaga er heilt avhengig av kompetansen og at dei vaksne er nærlieken og observerer samspelet og våger å ta tak i vanskelege situasjonar, som mobbing.

Referansar

- Barnehageloven. (2005). Lov om barnehager av 17. juni 2005 nr. 64.
- Bø, I., & Helle, L. (2014). *Pedagogisk ordbok - Praktisk oppslagsverk i pedagogikk, psykologi og sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Helgesen, M. B. (2014). *Mobbing i barnehagen - et sosialt fenomen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jacobsen, D. I. (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring - innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Oslo: Kristiansand.
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Larsen, A. K. (2008). *En enklere metode - veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lund, I. (2014). *De er jo bare barn - om barnehagebarn og mobbing*. Oslo: Pedlex Norsk Skoleinformasjon.
- Lund, I., & Helgeland, A. (2016). *Mobbing i barnehagen - anerkjennelse som forebygging*. Oslo: Pedlex as.
- Lund, I., Gotfredsen, M., Helgeland, A., Nome, D. Ø., Kovac, B. V., & Cameron, D. L. (2015). *Hele barnet, hele løpet ; mobbing i barnehagen*. Oslo: Foreldreutvalget for barnehager (FUB) og Foreldreutvalget for grunnopplæringen (FUG).
- Midtsand, M., Monstad, B., & Søbstad, F. (2004). *Tiltak mot mobbing starter i barnehagen*. Trondheim: Dronning Mauds Minne høgskole for førskolelærerutdanning .
- Olweus, D. (2005). Hareids mobbekritikk: Sterke meninger på svakt faglig grunnlag. *Tidsskrift for Norsk Psykologiforening*, 2, ss. 43- 50.
- Olweus, D., & Solberg, C. (1997). *Mobbing bland barn og unge - informasjon og veiledning til foreldre*. Oslo: Foreldreveiledning.
- Skram, D. (2007). Oppdraging og mobbing i barnehagen og på småskulesteget. I E. Befring, & S. Helland, *Barnehagepedagogikk* (ss. 110 - 125). Oslo: Det norske samlaget.

Intervju pedagogisk leiar og styrar:

1. Kva legg du som pedagogisk leiar/styrar i omgrepet mobbing?

2. Korleis trur du dei andre tilsette i barnehagen ser på omgrepet?

3. Meina du at det er viktig å jobba med mobbing?

- Kvifor?

4. Kor lenge har du jobba som pedagogisk leiar/styrar?

5. Korleis jobba du og barnhagen med mobbing?

- Korleis forebygge?

- Korleis snakka dykk med barne om mobbing?

- Korleis snakka dykk i personalet om mobbing?

6. Finnes det bøker i barnehagen om mobbing?

- Korleis vert desse brukt inn mot barna og dei vaksne?

7. Kva veit du om styringsdokument som omhandlar mobbing som barnehagen må følgje?

- Korleis arbeider personalet med desse styringsdokumenta?

8. Trur du det finnes mobbing på avdelinga di?

9. Har du opplevde episodar i barnehagen som kan handla om utestengning eller mobbing?

- Korleis oppdaga dykk mobbing i barnehagen og er dette lett?

- Korleis følgjer dåke opp mobbeepisoder i barnehagen?

- Har dåke eventuelt nokre tiltak dykk sett i gang?

10. Trur du at barn forstår at dei mobbar eller vert mobba?

- På kva måte?

11. Snakkar dykk om mobbing på foreldremøte?

- Korleis tek dykk det opp?